



## Møteinkalling

**Utval:** Fitjar sokneråd

**Møtestad:** Fitjar rådhus, kommunestyresalen

**Dato:** 10. november 2016

**Tid:** Kl. 17.30 (før boksleppet på kulturhuset kl. 19.30)

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

### Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Helga Olsen Aadland	Leiar
Sigrid Marie Fangel	Nestleiar
Gunnvald Aarbø	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem <b><u>N.B. Ord for dagen</u></b>
Sindre Aarbø	Medlem
Olav Oma	Sokneprest
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Fridleif Lydersen	Vara for soknepresten

Fitjar, 4. november -2016

Harald Rydland

Helga Olsen Aadland

Kyrkjeverje

Soknerådsleiar

### Sakliste:

#### Saksnr.

- S-42/16 Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt,ressursgruppe og mandat
- S-43/16 Gjevartenesta, ressursgruppe og mandat
- S-44/16 Gudstenesteliste, 1. halvår 2017
- S-45/16 Offersøknader, 1. halvår 2017
- S-46/16 Ordning med dåpsvertar i kyrkja
- S-47/16 Val av prostiråd
- S-48/16 Kandidatar til frivilligprisen i Sunhordland prosti (lukka sak)
- S-49/16 Arrangement i soknerådet sin regi
- S-50/16 Godkjenning av referat
- S-51/16 Meldingssaker
- S-52/16 Open post



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

**Sak 42/16: Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt, ressursgruppe og mandat**

På førre soknerådsmøte vart det gjort vedtak om at kyrkjelyden skal støtta eit misjonsprosjekt i regi av det Det Norske Misjonsselskap i Mali. For at prosjektet skal vera godt forankra i kyrkjelyden, kan det vera greitt å oppnemna ei ressursgruppe som skal ha særleg fokus på dette misjonsprosjektet. Gruppa bør ha eit mandat å arbeida utfrå, slik at dei veit litt om kva soknerådet forventar av arbeidet deira.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet oppnemner desse personane til å vera med i ei ressursgruppe for å arbeida med kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Soknerådsleiar skal sjå til at vert utarbeida eit mandat i samarbeid med ressursgruppa. Dette skal leggjast fram for soknerådet til godkjenning.

**Sak 43/16: Gjevartenasta i kyrkjelyden, ressursgruppe og mandat**

Fitjar kyrkjelyd er ein levande og aktiv kyrkjelyd, med omfattande arbeid på mange felt, m.a. eigen kyrkjelydsprest. Arbeidet krev at kyrkjelyden sjølv yt store økonomiske bidrag kvart år. Bærebjelken i denne delen av økonomien til kyrkja er den faste gjevartenesta. I inneverande år har kyrkjelyden vorte oppmoda gjennom fleire tiltak til å vera med på gjevartenesta. Det vart sendt ut ei eiga brosjyre som vart sendt til alle husstandar i bygda i vår. Vidare vart det skrive om saka i kyrkjebladet no i haust, og det vart lagt ved giro og informasjon. Trass i dette manglar det mykje på at me kjem i mål med det som er budsjettert i gåver for 2017.

Det bør setjast ned ei gruppe som kan arbeida særleg med informasjon og verving for gjevartenesta, og kva denne har å seia for arbeidet i kyrkjelyden. Gruppa bør ha eit mandat å arbeida utfrå, slik at dei veit litt om kva soknerådet forventar av arbeidet deira.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet oppnemner desse personane til å vera med i ei ressursgruppe for å arbeida med kyrkjelyden si gjevarteneste:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.



**Sak 44/16: Gudstenesteliste 1. halvår 2017**

Sokneprest Olav J. Oma har laga gudstenesteliste for 1. halvår 2017. Lista finn de vedlagt innkallinga. Det vil verta orientert nærmere om saka i møte.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet godkjenner gudstenestelista for 1. halvår 2017 slik den ligg føre.

**Sak 45/16: Offersøknader 1. halvår 2017**

Sokneprest Olav J. Oma har laga liste for kyrkjoffer 1. halvår 2017. Lista finn de vedlagt innkallinga. Det vil verta orientert nærmere om saka i møte.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet godkjenner lista for kyrkjoffer 1. halvår 2017 slik den ligg føre.

**Sak 46/16: Ordning med dåpsvertar i kyrkja**

På prostimøte no i haust vart soknerådet gjort kjent med at det i ein skilde kyrkjelydar er eigne dåpsvertar som er med for å støtte og rettleie dei som er i kyrkja for å ha dåp. I Bremnes kyrkjelyd har dei gode røynsler med dette. Ei slik ordning bør ein arbeida for å få etablert i Fitjar og. I samband med dette må det lagast ein beskrivelse av kva som skal vera dåpsvertane sine oppgåver, det må rekrutterast personar som kan tenkja seg å vera med på dette, og dei som vert med må få opplæring

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet går inn for å arbeida fram ei ordning med dåpsvertar i Fitjar kyrkje. AU får i oppdrag å laga arbeidsbeskrivelse for dåpsvertane, medan frivilligemndna arbeider med rekruttering når arbeidsbeskrivelsen er klar.

**Sak 47/16: Val av prostiråd**

Det skal veljast nytt prostiråd i Sunnhordland. Soknerådet skal ta del i dette valet. Vedlagt finn de brev prosten som seier noko om prosessen. De finn og kandidatliste som gjeld valet.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Sak 48/16: Kandidatar til frivilligprisen i Sunnhordland prosti**

I brevet frå prosten, som ligg ved innkallinga, har han skrive om frivilligprisen og oppmodar sokneråda til å komma med kandidatar.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

**Sak 49/16: Arrangement i soknerådet sin regi**

Framover vil det verta avvikla fleire arrangement i soknerådet sin regi. Dette gjeld m.a. gudstenester, juleavslutning for soknerådet, kyrkjelydsfest, kyrkjelydsweekend. For dei einskilde arrangementa må det oppnemnast komitear som kan stå for planlegging og gjennomføring av arrangementa.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Sak 50/16: Godkjenning av referat**

Referat frå soknerådsmøte den 5. oktober vert sendt i eigen e-post. Det er fint om medlemene kan lesa gjennom før det skal godkjennast i møte.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet godkjenner referatet frå møte den 5. oktober 2016.

**Sak 51/16: Meldingssaker**

I møtet vil det bli orientert kort om desse sakene:

1. Sal av jubileumsbok
2. Arbeidet med orgel, galleri, maling m.m. i kyrkja.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

**Sak 53/16: Open post**